

# Vestlandsrådet

## VR-sak 18/12 vedlegg

### Saksutredning

## Samordning av Vestlandet si deltaking i Nordsjøkommisjonen

### Om Nordsjøkommisjonen (NSC)

Nordsjøkommisjonen (NSC) vart oppretta i 1989, som ein geografiske underkommisjon av CPMR - Conference of Peripheral Maritime Regions. Vestlandsfylka har vore aktivt med i Nordsjøkommisjonen sidan starten. Organisasjonen har 35 medlemmar som representerer 41 regionar i 8 land rundt Nordsjøen.

Hovudfokus i NSC er utviklinga i Nordsjøregionen, særleg knytt til dei marine og maritime aspekta. Det meste av aktivitetane finn stad i kommisjonane sine arbeidsgrupper. Nordsjøkommisjonen har fem tematiske arbeidsgrupper: 1) Culture & Tourism, 2) Innovation & Education, 3) Marine Resources, 4) Sustainable Development, 5) Transport. Arbeidsgruppene skal både drive med politikkutforming og utarbeide forslag til konkrete samarbeidsprosjekt.

### Politisk fokus

Nordsjøkommisjonen er først og fremst ein politisk organisasjon – ein arena for regionar rundt Nordsjøen til å samordne seg. Det er og ein mulighet for fylkeskommunar frå ikkje-medlemslandet Noreg til å vere med å påverke den europeiske dagsordenen. I dei nærmaste åra er det primært Nordsjøkommisjonens strategidokument "North Sea Region 2020" som vil danne grunnlag for diskusjonar og aktivitetar. Fokusområda samsvarer godt med prioriteringane på Vestlandet; bærekraftige lokalsamfunn, konsekvensar av klimaendringar, Nordsjøbassenget, infrastruktur osb.

CPMR, Nordsjøkommisjonen sin paraplyorganisasjon, har gode kanalar inn mot EU-systemet. Organisasjonen flyttar stadig meir av den politiske aktiviteten sin frå sekretariatet i Frankrike til kontoret i Brussel. I CPMR sin *core group* har medlemsregionane, via sine brusselkontor, mulighet til å vere med å påverke tidleg i dei politiske prosessane i Europa. Dette er noe Vestlandet sine to Brusselkontor i større grad bør gjere på vegne av landsdelen sine interesser.

### Om Vestlandsfylka sitt engasjement i NSC

Frå starten av har det blitt forsøkt å leggja opp til ei fordeling av posisjonane i NSC mellom dei ulike landsdelane i Noreg. Utgangspunktet var ei geografisk fordeling mellom Austlandet, Agder og Vestlandet – av verva som (vise)president, styremedlem og vara.

Etter generalforsamlinga i juni 2012 har Vestlandet følgjande verv i organisasjonen: Tom-Christer Nilsen, fylkesordførar i Hordaland er visepresident og Ellen Solheim frå Rogaland er leiar i arbeidsgruppa *Innovation and Education*. Rogaland har i tillegg to av fem administrative rådgjevarar for arbeidsgruppene; for *Culture and Tourism* og *Marine Resources*.

Rogaland fylkeskommune har sidan 2009 hatt faste politiske representantar til dei ulike arbeidsgruppene, mens Hordaland har hatt det frå juni 2012.

### Om samordning av Vestlandet sin innsats

# Vestlandsrådet

I møte 11.06.11 vedtok Vestlandsrådet å auke samordninga på Vestlandet inn mot NSC/CPMR mellom anna ved at "Vestlandsrådet vil forsøke å sikre at alle dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen har politisk aktiv deltaking frå Vestlandet"

Som ei oppfølging av dette vedtaket vert det med dette foreslått ei oppgåvefordeling mellom fylka slik at dei får ansvar for å representere Vestlandet i dei ulike tematiske arbeidsgruppene. Dette inkluderer eit ansvar for å vidareformidle informasjon frå dei aktuelle gruppene. Sjølv om eit særleg vestlandsfokus er noko alle medlemmane frå Vestlandet kan ta med inn i arbeidet i temagruppene, så vil ei fordeling av ansvaret vere nyttig m.a. i høve til tilbakerapportering til Vestlandsrådet. Ei samordning av innsatsen i arbeidsgruppene i NSC vil kunne vere ressurssparande for fylka, sidan det ikkje lenger vil vere naudsynt å vere til stades på alle møta for å få med seg informasjon eller for å melde inn synspunkt. Dette er sjølv sagt ikkje til hinder for at fylka kan møte i alle arbeidsgruppene dersom ein har kapasitet og ønskjer å gjere det.

## Forslag til prinsipp for samordning av deltaking i arbeidsgruppene

- For kvar av dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen har eitt fylke eit "Vestlandsansvar" - *representasjonsfylket*. Eit anna fylke er vara. Ein folkevald utpeikt frå dette fylket stiller på møter i den aktuelle arbeidsgruppa.
- Dersom *representasjonsfylket* ikkje kan stille på eit møte i den aktuelle arbeidsgruppa skal ein snarast mogleg formidle dette til fylket som er vara.
- Fylke som har innspel til møter, men som ikkje sjølv kan møte, melder dette inn til *representasjonsfylket*, som tar det vidare til møtet.
- Representanten som møter i arbeidsgruppa med eit "Vestlandsansvar" vil søke, og i diskusjonane, å ha eit Vestlandsperspektiv.
- *Representasjonsfylket* har ansvar for å vidareformidle rapport frå møtet til dei andre fylka, så snart som mogleg. Ein antar at dei fleste fylka vil velje å ha med administrative støttefunksjonar på møta, for å lette dette arbeidet for dei folkevalde

## Samordning av val til sentrale posisjonar

I Vestlandsrådet sitt vedtak i sak 9/10 frå juni 2010 heter det og at "*ein vil vidare forsøke å samordne kandidatar til ledige leiar-/nestleiarroller i Nordsjøkommisjonen sine tematiske grupper og Vestlandsrådet sin representant i Nordsjøkommisjonen sitt styre*".

Ei slik samordning vart gjort i forkant av Nordsjøkommisjonen sin generalforsamling i juni 2012 då Vestlandsrådet, på vegne av dei fire fylkeskommunane på Vestlandet, sendte eit formelt brev som støtta Tom-Christer Nilsen sitt kandidatur som visepresident.

Vestlandsrådet bør og søkje å få til ei samordning ved framtidige ledige verv i organisasjonen.

## Forslag til vedtak

- Vestlandsrådet legg opp til følgjande fordeling av ansvar for dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen:

Arbeidsgruppe	Ansvarleg fylke	Vara
Culture & Tourism	Rogaland	Hordaland
Innovation & Education	Rogaland <sup>1</sup>	Sogn og Fjordane
Marine Resources	Hordaland	Møre og Romsdal
Sustainable Development	Hordaland	Rogaland
Transport	Hordaland	Møre og Romsdal

<sup>1</sup> Ellen Solheim frå Rogaland er leiar i gruppa "Innovation and Education"

# Vestlandsrådet

- Vestlandsrådet legg til grunn prinsippa for samordning av deltaking i arbeidsgruppene, slik dei går fram av saksframlegget
- Vestlandsrådet vil søkje å samordne framtidige kandidatar til ledige verv i Nordsjøkommisjonen